

Førebels  
**prosjektplan;**  
**Samordna uttak av sitkagran**  
**i**  
**Fitjarøyane**



Utarbeida av Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor  
v/ Ole Kristian Trondsen, Geir Røssland og Aase Nøttveit  
13.01.2012



## Innhald

1. Innleiing	3
1.1. Bakgrunn og status	3
1.2. Problemstilling	3
1.3. Prosjekt mål	4
1.3.1. Hovudmål	4
1.3.2. Delmål	4
1.4. Grunnlag for vegen vidare	4
2. Metode	4
2.1. Arbeidsgruppe	4
3. Prosjektet	4
3.1. Tidsperspektiv	4
3.2. Kartlegging	5
3.3. Kartlegge interessentar	6
3.4. Kostnadsoverslag	6
3.5. Forståing for prosjektet og samarbeid med grunneigarar	7
3.6. Prioritering av aktuelle prosjekt	7
3.7. Sikre framdrift av prosjekt	7
4. Diskusjon og viktige spørsmål	8
5. Konklusjon	8



# **1. Innleiing**

## **1.1. Bakgrunn og status**

Kystlynghei vert i dag rekna som ein utryddingstrua kulturlandskapstype. Fitjarøyane er eit stort samanhengane kystlyngheilandskap med lokal, regional og nasjonal verdi. I denne samanheng vert sitkagrana karakterisert som feilplanta fordi den spreier seg raskt og infiserer tradisjonelt kulturlandskap og kystlynghei.

Ettersom sitkagrana som vart planta på -60\ -70 talet har vakse seg store og spreiar seg ser fleire grunneigarar på treslaget som eit stort problem for kulturlandskapet. Fokus på å ivareta lyngheiane har auka bland grunneigarar, brukarar og forvaltning. Tal beitedyr har gått opp og fleire grunneigarar har vist interesse for fornying av kystlyng med bl.a fjerning av sitkagran og sviing av lynghei.

Skal lyngheia ivaretakast for framtida må ein fjerne all sitkagran og unngå at spirer i jorda får utvikle seg til nye tre som reprodusere seg.

Det er igangsett eit prosjekt for fjerning av sitkagran i Fitjarøyane. På 5 øyer er det utarbeida tiltaksplan for fjerning av all sitkagran og plan vidare skjøtsel. Tidsramma er omlag 10 år og det er løyvd tilskot til fjerning av sitkagran frå Miljøverndepartementet i 2011, til utvalgte naturtypar. Det er løyvd SMIL tilskot til rydding av beite og sviing av kystlynghei. Ei stor utfordring for grunneigarane er å frakte vekk trevirke som vert hogge på øyane. Dette er blitt ein bremsekloss i prosjektet sidan det av mange grunnet ikkje er tilrådeleg og hogge meir enn det som kan handterast vidare. Det er begrensa kor store mengder trevirka som kan nyttast lokalt på øya.

Dette er grunnlaget for at SFLMK utarbeider ein prosjektplan for å sjå på om det er mogeleg å sette i gang med eit eige prosjekt "samordna uttak av sitkagran i Fitjarøyane". I 2010 vart det løyvd kr 80 000,- til dette arbeidet.

## **1.2. Problemstilling**

- Den enkelte grunneigar har problem med å fjerne sitkagran dei hogger i Fitjarøyane. Hovudutfordringa er difor å organisere eit samordna uttak/frakt av sitkagranane.

Utfordringar:

- øyer med sjøvegen som einaste transportveg
- sitkagrana står spreidd og er av svært forskjellig kvalitet og alder
- det kan ikkje brukast tunge maskiner fordi det ikkje fins vegar og dette er kystlynghei og anna kulturlandskap som er sårbart for fysisk påkjenning
- lage avtaler med aktører som tar jobb med hogst, med transport til sjø og transport frå sjø til tømmerplass for vidare frakt til mottak
- skaffe oversikt over økonomiske rammer til alle delprosjekt
- Eiger til prosjektet



### **1.3. Prosjektmål**

#### **1.3.1 Hovudmål**

- Samordne hogst og transport av trevirke vekk frå Fitjarøyane

#### **1.3.2. Delmål**

- Organisere foretak - forretning
- Nokon som ville hogge
- Nokon som tar jobb med transport
- At nokon vil kjøpe virke/ ta imot trevirke eller flis
- Eiger/ brukar ryddar etter hogst
- Eiger/brukar tar ansvar for å unngå nyetablering av framande artar (sitkagran)
- Mest mogeleg inntekt
- Lågast mogeleg kostnad
- Dekke evt underskot

### **1.4. Grunnlag for vegen vidare**

- Få tak i føretak eller enkeltpersonar som vil ta på seg jobb med hogst og uttak, samt eigarar som vil nytte seg av tilbodet.
- Økonomisk støtte er avgjerande for å sette i gang samordna utak sidan det er eit risikoprojekt økonomisk.

## **2. Metode**

Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor (SFLMK) har ansvar for utarbeiding av prosjektplanen.

Prosjektansvarleg: Aase Nøttveit

Fagansvar Ole Kristian Trondsen og Geir Røssland

SFLMK innhentar fakta om areal, mengd, tilkomst ol som er aktuelt for uttak. Dei opprette kontakt med aktørar for å innhente tilbod på uttak og hogst. Arbeidsgruppe knyter til seg representantar for eigarar og andre ressurspersonar.

#### **2.1 arbeidsgruppe består av:**

- grunneigarar:
- Representant frå Interesselaget:
- SFLMK er representert med Ole Kristian Trondsen (skog), Aase Nøttveit (kulturlandskap) og Geir Røssland (økonomi)

Fylkesmannen vert invitert som observatør og ressurs


### 3. Prosjektet

#### 3.1. Tidsperspektiv

Haust 2011: planlegging  
 vinter 2011: kartlegging av førekomst  
 13 Januar 2012: kartlegging av aktørar  
 15 Januar 2012: utarbeida prosjektplan  
 15 januar 2012: Søknadsfrist DN til skjøtsel av utvalgt naturtype og til tiltak som fjernar og hindre spreiding av framande arter.  
 Februar 2012: møte med grunneigarar. Informasjon om prosjektet og etablering av arbeidsgruppe.  
 Mars 2012: Etablere føretak som har ansvar for avtaler og forretningsdrift.  
 April 2012: Prøveuttak på ei utvalt øy  
 Mai 2012: Utarbeiding av plan og avtaler for kvart område som er aktuelt.  
 2012-2016: Hogst og uttak

#### 3.2. Kartlegging

Figur 2: kartlegging av 49 øyer med og uten sitkagran. 29 øyer med sitkagran er merka med rødt.



Tabell.1: Oversikt over øyar med gran

			gran	Utan gran	beiting	merknader
1	Arholmen	38	X		X	
2	Arneholmen	21		X		
3	Avløypet	18	X			
4	Bondeholmen	15		X		buskfuru

5	Bukholmen	20	X			
6	Bårholmen	38	X		X	
7	Dyrholmen	51		X	X	
8	Eidøy	24	X			
9	Eldøy	61		X	X	
10	Eggholmen	24		X		Verneområde- sjøfugl
11	Eggøy	23	X		X	Del-løyving- i prosjekt
12	Engesund	17	X		X	Del løyving – planlagt tiltak
13	Flaten	38				
14	Flatholmen	17	X			Tiltak på gang
15	Flatøy	22	X			
16	Fonno	14	X		X	
17	Fureholmen	15	X			
18	Gloppholmen	16	X			Tiltak på gang
19	Hanøy	25		X	X	
20	Hellandsholmen N	49	X			
21	Hjelmen	48	X			
22	Håbåholmen	20		X		
23	Ivarsøy	18	X		X	
24	Klammerøy	25		X		
25	Knottholmane	38				
26	Langøy	19	X		X	Løyving i prosjekt
27	Leiarholmen	0		X		
28	Litleholmen	21		X		
29	Nattarøy	37	X			
30	Piløya	14				
31	Porsholmen	17		X		
32	Ringholmen	38				
33	Sauholmen	36	X			Planlagt tiltak
34	Siglo	21	X		X	Del løyving i prosjekt
35	Skatholmen	17	X			
36	Skipsholmen	25		X		
37	Skvetten	25		X		
38	Slåttholmen	21	X			
39	Smedholmen	15	X		X	Løyving i prosjekt, ferdig
40	Soløy	34	X			
41	Straumøy	47	X		X	Del løyving i prosjekt, tiltak
42	Teløyna	14	X		X	
43	Torsdagsøy	22		X	X	
44	Tranøy	38	X			
45	Trollholmen	38				
46	Tverdarøy	36	X		X	tiltak
47	Urdøyane	25		X		buskfuru
48	Vassøy	36	X			
49	Ålforo	40	X		X	Tiltak





### **3.3. Kartlegge interessentar**

Tabell 2: Kartlegging av forskjellige interessentar og deira rollar i Fitjarøyane.

Interessentar	rolle	kan bidra med	behov
Grunneigar	som eigar har dei råderett over tiltak	Beiteareal. Friluftareal. Planlegge og gjennomføre tiltak	beitedyr. Entreprenørar. Finansiering
brukarar/ bønder	næringsverksemd og skjøtselsarbeidarar	beitedyr og skjøtsel	beiteareal.
entreprenørar	Tar oppdrag	selge tjenester transport og hogst	Tilbod frå aktuelle .
Fitjar kommune	Grunneigar, forvaltar	Deltaker i prosjekt, kontakt med andre etat (FM, DN)	Tilskot til prosjektet
Friluftsrådet Vest	forvaltar av lynghei og friluftareal		Velskjøtta friluftsområde
Kraftlaget	Ansvar for kraftleidningar	fjerning av tre i tilknytning til kraftline	Informasjon om behov
Interesselaget for Fitjarøyane	Kontaktledd inn/ut	Representant for grunneigar /brukar	Kontakt med prosjekt
Skogeigarlaget	Kontaktledd med entreprenørar og mottak av virke		
Fitjar sau og geit	Representant for sauebønder		Informasjon om prosjektet
Fitjar Bondelag	Kontaktledd med landbruksnæring	Målbære lokale interesser, sentralt	Informasjon om prosjektet

### **3.4. Kostnadsoverslag**

- for hogst
- for transport
- for sal av trevirke ol

Tabell 3: Kalkulert kostnadsoverslag i kr. pr m3 trevirke

Driftskostad	Pr. m3	Rotverdi	
Felling			
Aptering			
Kapping			
Motorsaggodtgjørelse			
<b>Tot. hogging</b>	100		
<b>Kjøring til lasteplass ved sjø</b>	200		
<b>Administrasjon</b>	40		
<b>Transport av utstyr til øyane</b>	40		
<b>Lektertransport til land</b>	200		ca. 60 lass
<b>Totalt</b>	<b>580</b>	<b>300</b>	

Tabell 4: Samla behov for tilskot til hogst og uttak av all gran i Fitjarøyane.

Sal av tømmer	Kr 1.830.000
Driftskost	Kr 3.538.000
<b>Tilskotsbehov</b>	<b>Kr 1.708.000</b>

### **3.5. Forståing for prosjektet.**

Problemet med sitkagran for landskap generelt, lyngbeite, kystgardane, brukarar av Fitjarøyane og eigarar av fritidseigedommar har vore uttalt i fleire år. I den samanheng er behovet for å få til eit samordna uttak av gran frå Fitjarøyane vore etterspurt av grunneigarar. Prosjektet er difor godt forankra blant brukarar og grunneigarar. Blant innbyggjarar generelt og blant politikarar er det varierende forståing.

### **3.6. Prioritering av aktuelle prosjekt.**

Tabell 5: Prioritering blant øyar/eigedommar

Prioriteringar	argument	føresetnad
Dei som allereie er med i prosjekt fjerning av sitkagran	Er i gang med hogging.	
Enkle uttak/større mengde	Mulighet for overskot eller mindre kostnad	
Eigers initiativ	Ved eigen hogst haldast kostnad nede	
Alle granbestander		

### **3.7. Sikre framdrift av prosjekt**

- Avtale med entreprenørar som gir forutsigbarhet, både på kostnad og arbeidsprosesser.
- Sikkerhet for betalingsevne ligg i tilskot kommunen forhåpentlegvis får til skjøtsel av uvtalde naturtypar og til tiltak som fjernar og hindrar spreing av framande artar.
- Avtale med kvar enkelt grunneigar som ynskjer å nytte seg av prosjektet.
- For at arbeidet skal ha jamn framdrift må det være framdrift i hogst slik at større mengde kan samlast opp og hentast når det er forsvarleg mht effektivitet.



## 4. Diskusjon/ viktige spørsmål?

- Korleis sikre naudsynt rydding og vidare skjøtsel av kystlynghei og kulturlandskapet som sikrer at sitkagran ikkje får etablert seg på nytt igjennom frø og spirer?
- Korleis gje eigarar eigarskap til prosjektet og sikre framdrift?
- Korleis få ut god informasjon til eigarar, brukarar og samfunnet elles?

## 6. Konklusjon

- Alle grunneigarar kan melde inn sin interesse for å være med i prosjektet og lage tiltaksplan for å fjerne sitkagran på si øy /eigedom.
- Eit eige føretak som representerer grunneigarane, må ha ansvar for prosjektet.
- Det er ønske frå grunneigarar om hjelp til å frakte sitkagran vekk frå øyane
- Erfaringar med "prosjekt fjerning av sitkagran" viser at uttaket/frakt er vanskelig og organisere for enkeltpersonar. Det krevs entreprenørar med egne utstyr.
- Det trengs ekstern økonomisk støtte til tiltaket, då det ikkje er overskot i uttak av gran frå øyane.
- Det trengs ca kr 340 000,- x 5 år for å dekke mellomrom mellom inntekt og utgifter til uttak av sitkagran i Fitjarøyane.
- Målet er at kvaliteten på fjerning og etterarbeid med rydding er så godt at øyane bare treng vanlig skjøtsel av lyngbeite for å framstå som velskjøtta kystlynghei i framtida.
- Ved igangsetting og gjennomføring av prosjektet vil det skaffe verdifull erfaring som kan nyttast i andre lyngområde med liknande utfordringar.

